



Arbeids- og velferdsdirektoratet
Postboks 5 St. Olavs plass
0130 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Grethe Underdal, 55 57 22 41

Spørsmål om å kombinere stønadsform etter sosialtenestelova § 21

I sosialtenestelova § 21 står det at Nav kan gi økonomisk stønad som bidrag, lån, garanti for lån, eller varer og tenester. Det står at stønadsforma varer og tenester kan gis viss det på grunn av særlege høve er grunn til å tru at stønadmottakaren ikkje vil bruke stønaden i henhold til forutsetningane eller samsvar med vilkår som er sett med heimel i sosialtenestelova § 20. I R35, under punkt 4.21.2.5, står det at rekvisisjon på varer og tenester er å rekna som varer og tenester.

Ettersom det i § 21 står «eller» og ikkje «óg», er det da riktig å forstå at Nav som eksempel ikkje kan gi stønaden i form av rekvisisjon óg som lån, sjølv om vilkåra både for å gi stønaden som rekvisisjon og lån, isolert sett er oppfylt for det? Er det i så tilfelle lovtolkar sin intensjon at tenestemottakarar som av ulike høve får stønaden på rekvisisjon, ikkje skal måtte betale stønaden tilbake sjølv om Nav har tilstrekkelege haldepunkt for at vedkommande faktisk har økonomi til det?

Vi har frå tid til anna klagesaker der stønadsform generelt, og kombinasjonen skissert ovanfor spesielt, er tema for klaga. Vi har til nå stadfesta desse vedtaka, når vilkåra for dei ulike stønadsformane isolert sett er oppfylt.

Per i dag har vi éi klagesak til behandling der dette er tema. Vi ynskjer ei avklaring frå direktoratet på det vi spør om i dette brevet før vi behandlar denne klagesaka. Vi ber difor om at direktoratet kan prioritere å svare på denne førespurnaden.

Med helsing

Linda Kråkenes
seniorrådgjevar

Grethe Underdal
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

